



Bøsseberarane klåre ved Gamlaskulen eit tidlegare år

Helselaget i bygda vår har gjennom mange år sett seg i respekt for sine innsamlingsaksjonar, til dømes ved å samla inn i overkant av 20 000 kroner i demensaksjonen i fjor. Og på 2 år skaffa dei iherdige damene 70 000 til gode føremål. No satsar dei igjen, under årets demensaksjon måndag i neste veke. Som dei plar gjera kjem dei mellom 17 og 19 med bøssene sine.

- Vi er godt førebudd også i år. mellom 20 og 25 bøsseberarar er klåre, seier leiar og eldsjel Selma Eik til uskedalen.no. Ho minnar også om fylkesarrangementet i Rosendal 20. september.

No som før er appellen at ein skal hugse på dei som gløkker. Midlane som vert

samla inn går til forskning, helseinformasjon og lokale tiltak for å betra livet til sjuke og pårørnde. Over 70 000 har demens i Noreg og det betyr at minst 250 000 er berørt av sjukdommen. Det er viktig med forskning for å finna god behandling og gjera livet lettare for dei som er ramma og deira næraste.

Aksjonen i år vert ein opptakt til neste års TV-aksjon, som er til inntekt for den innsats Nasjonalforeningen gjer på dette området

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen